



MØTEPROTOKOLL

Arkivsak: 12/1299

Løpenummer: 12/7107

Utval: Formannskapet

Møtestad: Kommunetunet

Møtedato: 17.10.2012

Tid: 19:00 – 21:00

Innkalling til møtet vart gjort munnleg 3.10.12 og skriftleg 11.10.12 i samsvar med §32 i kommunelova.

Møtet vart kunngjort i ei avis og på heimesida..

Desse medlemene møtte:

Atle Kvåle, Ap.

Asbjørn Heidal, Krf

Hans S. Vindenes, Sp

Margunn Y. Samnøy, Sp

Mikal Leigland, Sp

Magne Djuvik, Frp

Steinar Skår, H

Kristine Hjartnes, H

Forfall og møtande varamedlemar:

Birgitte H.O.Skibenes, SV, hadde forfall. For henne møtte Anne-Grete Gjerdevik, Ap, som vararepresentant.

Andre som var tilstade på møtet:

Rådmann Berit Fløisand

Kommunalsjef Øyvind Haga

Kontorsjef Gunn Sissel Teigen

Økonomisjef Georg Espenes

Merknader til innkalling og sakliste:

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen, 24. oktober 2012

Hans S. Vindenes
Ordførar

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
086/12	BUDSJETTPROSESSEN - STATUS OG VEGEN VIDARE - INFO OG DRØFTING

086/12: BUDSJETTPROSESSEN - STATUS OG VEGEN VIDARE - INFO OG DRØFTING

17.10.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Budsjettrammer 2013- 2016 pr 17.10.12, basert på framlegg til statsbudsjett vart delt ut. Rådmann Berit Fløisand orienterte og administrasjonen svara på spørsmål.

Skriv utarbeidd 17.10.12 ”Vurdering av konsekvensar 2013 – 2016 av nedskjeringsføringar frå formannskapet ” vart delt ut. Rådmann Berit Fløisand orienterte om status i arbeidet med å konsekvensvurdera nedskjeringsføringar og svara på spørsmål.

Formannskapet drøfta saka. I møtet kom m.a. følgjande innspel på tiltak som skal vurderast for å få budsjettbalanse:

Det vart vist til tidlegare vedtak av 24.09.12 m.a. føring om at kommunen skal utnytte inntektspotensialet sitt.

Det vart presisert at administrasjonen skal sjå på sjølvkostprinsippet på kommunale avgifter og brukarbetalingar.

Tilbodet til svakaste grupper må vera godt og vera mest skjerma.

Administrasjonen må kvalitetssikra utrekningar m.a. innsparingspotensialet knytt til ombygging på FBBS til omsorgsbustader og korleis ein kan gjera det.

Skule- og barnehagestruktur er ikkje freda.

Administrasjonen må sjå på ulike alternativ innan oppvekst. Effektiviseringstiltak for å redusera driftskostnader med minst mogleg investeringskostnader.

Døme på det som vart nemnt:

Fordela Holdhus – Eikelandssosen på begge plassar; samla 1-4 og 5-7.

Det same også elles i kommunen.

Samla 5-7 på 1 skule, evt. 7 på 1 skule. Evt. 6-7 på 1 skule.

Det er dei 2 store tenesteområda (oppvekst og helse) som må ta det meste av kutta.

Vi har svært gode tenester. No vert nivået litt lågare og då vil det fortsatt vera god tenesteyting til brukarane i Fusa.

Det vart spurt om det vart jobba med føring frå 24.09.12:

”Einingsstrukturen må gjennomgåast. Mål ferre og større einingar.”

Rådmannen stadfesta det og at her måtte det kjørast prosessar i samsvar med avtaleverket.

FOR-086/12 VEDTAK:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.